



Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Dykkar referanse
16/4542

Vår referanse
16/01148-2/SBO

Dato
11.08.2016

Høyringsvar - endringar i tobakksforskriftene og ny forskrift om elektroniske sigarettar

Vi viser til ovannemnde høyringsbrev av 1. juli 2016. Datatilsynet har ein merknad knytt til høyringsnotatet kapittel 11 om fjernsal av tobakksvarer og e-sigarettar. I nest siste avsnitt under punkt 11.3 er det nemnt at Tobakksdirektivet artikkel 18 nr. 5 stiller visse personvernrelaterte krav til aktørar som driv fjernsal, samanfatta slik:

«Detaljsalgsstedet må overholde reglene om behandling av personopplysninger og kan ikke gi ut data om kundene til tobakksprodusenter eller andre selskaper i samme konsern eller andre tredjeparter, jf. art. 18 nr. 5. Personopplysninger må ikke brukes eller overføres for andre formål enn det aktuelle kjøpet. Dette gjelder også hvis detaljsalgsstedet er en tobakksprodusent.»

Datatilsynet har merka seg at direktivet art. 18 nr. 5, ulikt nr. 1 til 4, ikkje er innarbeidd i forslaget til nytt kapittel V (Fjernsalg) i Forskrift om innhold i og merking av tobakksvarer. Vi ber departementet vurdere å innarbeide også artikkel 18 nr. 5, slik at dei personvernrelaterte krava går klart fram av norsk regelverk. Å motverke at aktuelle personopplysningar vert nytta til dømes i tobakksprodusentar si produktutvikling, synest også å kunne fremje forskrifta sitt føremål om å avgrense helseskader pga. tobakksbruk, jf. § 1.

Utover dette har Datatilsynet ingen merknader.

Med venleg helsing

Bjørn Erik Thon
direktør

Sigurd Bordvik
seniorrådgjevar

Kopi: Kommunal- og moderniseringsdepartementet
v/Statsforvaltningsavdelingen
Postboks 8112 Dep, 0032 OSLO